Protokoll frå møte i Høre sokneråd

Møtedato: 13.10.2026

Stad og tid: Drengestøga kl. 1650

Til stades: Ingebjørg Laugaland, Silje Olimb, Olav Dahl, Marianne Riste, Stein Inge Sæternes

Fråvær: Nina Neståker, Margit Bunde Loe

Saksliste

Saksnr 22/26 Nasjonaljubileet

Saksnr 23/26 Jubileum for Høre Stavkyrkje i 2029

Saksnr 24/26 Det gror att rundt stavkyrkja

Saksnr 25/26 Dekormåling av lesepult

Saksnr 26/26 Juletrefest

Saksnr 27/26 Bruk av parkeringsplass

Saksnr 28/26 Synge jula inn

Saksnr 29/26 Tekst til menighetsbladet

Saksnr 30/26 Kyrkjeval 2027

Saksnr 31/26 Gudstenestelista vår 2027

Saksnr 22/26 Nasjonaljubileet

Skal vi søke om tilskot til å få til noko i soknet framover mot jublieet?

Frå utlysningsteksten:

Mulige ting å søke midler til:

- Jubileumsstafettens overskrifter skal være førende.
- Seminarer/arrangementer/gudstjenester i kirkerommet eller andre arenaer
- Gjennomføring av opplegg sammen med skole/ og eller barnehager
- Møtepunkter for barn og unge og/eller diakonale arenaer som belyser verdispørsmål, demokrati, og aktualiserer hvordan bidra til et bærekraftig og rettferdig samfunn mm.
- Pilegrimsarbeid og Olavsarven.

Krav:

- Samarbeid mellom kirke og minimum en annen aktør i lokalsamfunnet, herunder kommune, museum, skole o. lignende.
- At det gjennomføres i årene 2027-2030

- At tiltaket har en minimumskostnad på 10 000 koner, og at det synliggjøres egeninnsats.
- At det sendes en kortfattet rapport etter gjennomført tiltak.

Årsoverskrift 2029 – Folketradisjon (blant annet om tradisjoners rolle i samfunnet, før og nå)

Søknadsfrist 10. november 2026.

Sjå vedlegg for detaljer.

Vedtak: Vi prøver å forfatte ein søknad for 2029 som også inkluderer/handler om 850-års jubileet for Høre Stavkyrkje.

Saksnr 23/26 Jubileum for Høre Stavkyrkje i 2029

Invitere biskop og evt andre for 850 års markering av stavkyrkja? Det er i neste soknerådsperiode, men det er kanskje lurt å invitere i god tid for dei som har mykje dei er forventa delta på. Kan vi gjere noko i samband med Nasjonaljubileet? Eller blir det for førande for det neste soknerådet?

Vedtak: Finn ein dato som det kan passe. Siste halvdel juni, rundt 20. juni.

Må be biskop, Vang kommune, Valdresmuseum, Riksantikvaren, Kongen,

Vi får ikkje noko rundare år å feire i vår levetid, difor ønsker vi å gjere mykje ut av dette jublieet. Korleis kome seg til kyrkja.

Silje og ein til lagar utkast og sender oss på epost i god tid. Vidare behandling blir på epost.

Saksnr 24/26 Det gror att rundt stavkyrkja

Kyrkja snart er borte i skog, før såg ein kyrkja godt når ein kom frå Høre samfunnshus. I tillegg meinte ein av dei som planta bjørkene at trea rundt bårehuset burde takast ned, han var med og planta dei for 40 år siden. Meinte no det berre er arbeid med dei med alt lauvet. Er dette noko kyrkjekontoret kan sjå vidare på? Fellesrådet?

Det har vore tema før, då var Kai Arne T primus motor og fiksa det

Vedtak: Vi ønsker å få hogd trea slik at kyrkja får den plassen ho fortener. Vi ber fellesrådet ordne dette. Om dei i same moment ønsker å sette opp flaggstong så må fellesrådet søke om å få satt opp dette osv.

Saksnr 25/26 Dekormåling av lesepult

Epost frå Silje Hammerstad

På fellesrådsmøtet i går hadde eg med eit punkt;

- Riksantikvaren hadde eit ynskje om at me får dekormåla den lesepult-løysinga som har vorte laga i Høre stavkyrkje, med inspirasjon frå øvrige og farger og utskjæringer i kyrkja. (den svarte stålplata ut mot kyrkjerommet – eventuelt også treverket på lesepulten øvst)

Denne sendes videre til dykk i Høre soknerråd for ynskjer/forslag til løysing; måling, treutskjæring frå lokale som kan festast over den aktuelle stålplata (ide frå Olav som var på møtet), bestilling av noko vevd som kan hengast over på lik line med andre tilsvarande vevde tekstiler i kyrkja etc.

Dette er det jo fint om de har nokon eigne ynskjer om frå soknerådet. Når de eventuelt har nokon tanker rundt dette, lyt me informere Riksantikvaren før me igangsetter noko, så me veit at dei

godkjenner forslaget/løysinga. Også lyt me sjølvsagt pratast nærmere om prisestimat/tilbud, så me veit at me har råda til å iverksette.

Vedtak: Få ordna eit tekstil eller trevirke som passar i stilen i kyrkja, kan betalast av den store minnegåva vi fekk i fjor. Einar Leithe eller den som har vevd eller nokon andre. Silje H. tek saka vidare så vi kan sette i gang.

Saksnr 26/26 Juletrefest

Laurdag 2. eller 9. januar?

Dato for planleggingsmøte for juletrefest.

Blåkopi frå tidlegare år?

I fjor vart det sagt at skulekorpset kanskje/sikkert ville underhalde. Kva ønsker vi av opplegg?

Vedtak: Har råd til gratis også i år, uavhengig av om det blir bingo no eller ikkje. Vi vel den 9. forutsett at salen er ledig (Marianne har spurt om det no). Ingebjørg ordner med edelgran til jul. Marianne sjekker med Jorunn Trøen om skulekorpset vil noko og Gudbrand om kulturskuleelevar. Marianne sjekker med dato for møte i byrjinga i november.

Saksnr 27/26 Bruk av parkeringsplass

Det er av og til parkert ymse bilar og hengarar og anna på parkeringsplassen vår. Det er til sjenanse og det tek opp plass som trengs ved større tilstellingar i kyrkja. Er det lokale folk som bruker parkeringsplassen til kyrkja?

Vedtak: Høre sokneråd og kyrkjekontoret ønsker at parkeringsplassen skal vere til bruk for kyrkja, ikkje til lagring. Kyrkjekontoret finn ut kven som bruker parkeringsplassen til «lager».

Saksnr 28/26 Synge jula inn

Ønsker om program? Alistair ønsker å vite om vi skal ha med fleire musikarar og programmet i god tid, så dei kan førebu seg.

Vi må avtale korleis det blir gjennomført kven som pratar og leier etc. Høre mannskor kjem som gjester med 2 avdelingar med 3 i kvar avdeling. Vi veit ikkje om det kjem ekstra musikarar, det ser vi den 21. desember… Ingebjørg kan vere med, men resten av soknerådet bestemmer i fellesskap korleis kvelden blir. Høyre om det finst toradarspelarar kan vere med og underhalde til salmar for og etter avdelingane til mannskoret.

Vedtak: Vi ønsker å ha med nokre blåsarar i tillegg til mannskoret. Vi har dei same salmene. Høre mannskor melder ifrå kva dei vil synge som underhaldning. Ingebjørg lyser velsignelsen, Marianne fortel ei historie, klokkaren tek kunngjeringar (gudsteneste og juletrefest). Sjekke med Ole Kristian/Tom Kjetil om han vil spele til salmane.

Saksnr 29/26 Tekst til menighetsbladet

Innsendingsfrist 20. november

- Referat frå bingo (om det blir) og info om bingo fredag 5. mars
- Juletrefest (gratis) for små og litt mindre små på Høre samfunnshus XX. januar kl. 13

- Kort info om kyrkjevalet om nokon kunne tenke seg å bidra i soknerådet 2027-2031

Saksnr 30/26 Kyrkjeval 2027

Er oversikten over medlemma i dei tidlegare sokneråda klar?

På nyåret må vi lage ein plan for korleis vi skal gjere det med å få til ei liste for Høre sokn.

Vedtak: Lista er klar, Silje sender medlemsliste for at vi kan starte jobben med å spørje folk på nyåret.

Saksnr 31/26 Gudstenestelista vår 2027

Vedtak: Vi må ha 7 gudstenester/andakter til utifrå det som er oppsett. Søndager før påske er fint. Ingebjørg lager forslag.

Referent:

Marianne Riste